



# Møteprotokoll

## Sirdal sokneråd

Møtedato: 04.12.2024 kl. 10:00

Møtestad: Kvævemoen kapell

Arkivsak: 23/00066

Til stades: Sissel Agathe Bø, Svein Arnfinn Hompland, Arvid Tjørhom, Tone Marit Bjørnstad, Bjørg Hilde Fidjeland, Siri Elisabeth Skagestad, Isak Liland (Sirdal kommune), Anne Grethe Gyland Josdal (Sirdal sokneråd)

Møtande varamedlemmar: Peder Solheim

Forfall: Arvid Tjørhom, Tore Kvæven, Knut Torfinn Øydna

Andre:

Protokollfører: Anne Grethe Gyland Josdal

SAKSLISTE		Side
<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>		
<b>Godkjenning av protokoll</b>		
<b>Saker til behandling</b>		
<a href="#">54/24</a>	FR-Revidering av budsjett	2
<a href="#">55/24</a>	FR-Forslag til møteplan vår 2025.	3
<a href="#">56/24</a>	SR-Publisering	4
<a href="#">57/24</a>	SR-Oppstart av temakvelder	5
<b>Orienteringssaker</b>		
<a href="#">58/24</a>	FR-Orienteringssaker	5
<a href="#">59/24</a>	SR-Orienteringssaker	6
<b>Eventuelt</b>		

Stad 09.12.2024

Sissel Agathe Bø  
Leiar

Anne Grethe Gyland Josdal  
Sekretær/kyrkjeverje

**Godkjenning av innkalling og saksliste**                      **Godkjent**

**Godkjenning av protokoll**    **Godkjent**

**Saker til behandling**

**54/24 FR-Revidering av budsjett**

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Sirdal sokneråd	04.12.2024	54/24

**Saksorientering**

Kyrkja i Sirdal og Sirdal musikk- og kulturskule har sidan 2017 hatt ein avtale om leige av arbeidskraft til dirigering av barnekoret. Dette ikkje medrekna tilstrekkeleg i budsjett for 2024, og medfører ei budsjettendring på totalt kr.100 000.

Forslag til ompostering:

Kr.23 000 frå 44-1271 til 41-1271

Kr.43 000 frå 42-1241 til 41-1271

Kr.34 000 frå 42-1198 til 41-1271

**Forslag til vedtak**

Soknerådet vedtek ompostering i budsjettet frå 44-1271/ 42-1241/ 42-1198 til 41-1271.

**Møtebehandling**

Økonomisk rapport vist i møtet, med namn på postar.

**Vedtak**

Soknerådet vedtek ompostering i budsjettet frå 44-1271/ 42-1241/ 42-1198 til 41-1271.

## 55/24 FR-Forslag til møteplan vår 2025.

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Sirdal sokneråd	04.12.2024	55/24

### Saksorientering

- 15.01.25 : Tonstadli kl. 14.30. «Julebord» kl.16.30
- 12.02.25 : kl.10.00-12.30 Kyrkjesenteret
- 05.03.25 : kl.10.00-12.30 Kvævemoen kapell
- 09.04.25 : kl.10.00-12.30 Kyrkjesenteret
- 07.05.25 : kl.10.00-12.30 Kvævemoen kapell
- 11.06.25 : kl.10.00-12.30 Kyrkjesenteret

### Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek forslag til møteplan våren 2025.

### Møtebehandling

Det kom innspel om å ha færre møter.

### Vedtak

Soknerådet vedtek følgjande møteplan for våren 2025:

- 15.01.25 : Tonstadli kl. 14.30. «Julebord» saman med alle tilsette kl.16.30.
- 12.02.25 : kl.10.00-12.30 Kyrkjesenteret
- 05.03.25 : kl.10.00-12.30 Kvævemoen kapell
  
- 09.03.24 : kl.18.00 Årsmøte med årsfest på Tonstad bedehus.
  
- 07.05.25 : kl.10.00-12.30 Kyrkjesenteret
  
- 11.06.25 : kl.10.00-12.30 Kvævemoen kapell – ved behov

## 56/24 SR-Publisering

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Sirdal sokneråd	04.12.2024	56/24

### Saksorientering

Forslag til publisering av gudstenesteplan og andre arrangement i kyrkja:

1. Informere via Infoskjermen, som kan lastast ned som ein app.  
Kostnad: ca.1500 pr. år. + investere i skjerm til kontoret.
2. Flyer, A4-format, bretta i 3., 2 gonger pr. år.  
Kostnad trykkeri : kr. 6700  
Kostnad posten : kr. 6000. Ev. ingen kostnad dersom soknerådet tek ansvar for distribuering sjølv. Skaffe sponsorar.
3. Annonser i Agder.
4. Månadsplakatar.
5. Oppslag på Facebook.
6. Heimesida.
7. «Skjer i kirken». Her ligg oversikt over gudstenester og arrangement i kyrkjer over heile landet.

### Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek forslag til publisering av gudstenesteplan og andre arrangement i kyrkja. Soknerådet tek ansvar for distribuering, og legg i alle postkassar i Sirdal der det bur folk.

### Møtebehandling

Det kom inn eit inspel om å ta saka om «Kyrkje og kultur» til kulturutvalet for å sjå på moglege andre løysingar. Det vart presisert i møtet at denne saka har vore oppe i soknerådet to gonger, med vedtak om å ikkje driva bladet vidare.

### Vedtak

Kulturutvalet ønskjer likevel å drøfta saka vidare.

Soknerådet vedtek forslag til publisering av gudstenesteplan og andre arrangement i kyrkja. Soknerådet tek ansvar for distribuering.

## 57/24 SR-Oppstart av temakveldar

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Sirdal sokneråd	04.12.2024	57/24

### Saksorientering

Denne type samlingar finnest i kyrkjelydane omkring, men her i Sirdal har vi ikkje dette som noko fast.

Temasamlingar kan td. arrangerast ei gong pr. måned, gjerne i kyrkjestova, med litt matservering. Samarbeid med Sirdal frivillighetssentral kan vere aktuelt.

Utfordre kulturutvalet og diakoniutvalet til å sjå meir på dette.

Sissel legg fram forslag og idear i møtet.

### Forslag til vedtak

Soknerådet kjem med forslag i møtet.

### Møtebehandling

Soknepresten planleggjer slike kveldar, kanskje to gonger i halvåret, og ønskjer innspel til tema. Drøfting i møtet om behov, stad, kven som kan ha ansvar, eller kven ein kan samarbeide med.

### Vedtak

Soknerådet og kulturutvalet ser vidare på saka.

## 58/24 FR-Orienteringsaker

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Sirdal sokneråd	04.12.2024	58/24

### Saksorientering

1. Årshjul for kyrkjegardane er laga i samarbeid med gravplassarbeidar. Dugnad til våren vil vere ei god hjelp for å bistå gravplassarbeidaren, då det for tida er låg bemanning på teknisk avdeling.
2. Kommunen kjøper inn nytt senkeapparat til gravferd.
3. Vedlikehald av alle klokkene i soknet 2.desember. Alt ser fint ut. I Haughom trengs det nytt tau.
4. EM Varmesystemer i Tonstad kyrkje og Kvævemoen kapell: Kyrkjeverje og kyrkjetenarar har deltatt på digitalt kurs og fått opplæring. Tiltak er gjort/skal gjerast for å forbetre varmeinnstillinga i kyrkja og kapellet.
5. Nye kyrkjekontor: Orientering frå møte med kommunen 22.11.24. Det var eit positivt møte der det kom opp ulike problemstillingar som vi skal få ei avklaring på i neste møte. Nytt møte 11.12.24.
6. Minnelund: Det er avtalt møte med kommunedirektøren 11.12.24 der dette vil vere på agendaen. Då vil ein også ta opp om ein skal setje i gong ein prosess for å utarbeide eit areal på kyrkjegarden for menneske tilhøyrande andre religionar.

## 59/24 SR-Orienteringsaker

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Sirdal sokneråd	04.12.2024	59/24

### Saksorientering

1. Varslingsportalen «Mitt varsel» er oppretta. Ansatte er informert om korleis ein går fram ved ev. varsel, og vi har drøfta forskjell på varsel og avvik. Avvikssystemet er gjort meir tilgjengeleg. Dette vil på sikt bli ein del av den digitale varslingsportalen.
2. Julegrantenning på Eliastunet og på Kvæven. Kyrkja tok initiativ, men det er eigentleg kommunen sitt ansvar. Vi vil gjerne bidra vidare om kommunen ønskjer det.

### Eventuelt:

- Behov for tekstlesarar og kyrkjevertar på gudstenester julaftan: Sissel tek ansvar for å få dette på plass.
- Torsdag 5.des.: Gudstenesteutvalet og soknepresten inviterer til eit felles møte for kyrkjevertar, klokkarar og tekstlesarar i Tonstad kyrkje kl. 14.30.

